

Liberalt og fruktbart

Venstre meiner at det er dei folkevalde som må setja måla og trekkja opp dei store linene i lokalpolitikken. Me ynskjer å oppnå folkeleg deltaking og engasjement for å sikra demokratiet.

Gode grendemiljø er ein føresetnad for at folk ynskjer å bu i heradet vårt. Venstre vil på det sterkaste freista å stimulera til at folketalet aukar.

Skule og barnehage

Venstre meiner at også i skulen må ein gje meir til dei som treng det mest. Det vil seia at resursar må setjast inn tidleg i skulegangen for å hjelpa dei med særskilde behov.

Tilbodet når det gjeld fysisk aktivitet må betrast. Skulen bør ha eit mattilbod til alle elevar.

Venstre støttar grendeskulane. Samstundes vil me arbeida for at det skal verta lettare å skifta skule dersom nokon ynskjer det.

IKT-opplæringa må prioriterast.

Lærarane må stimulerast til etterutdanning og kompetanseheving.

Alle leiarstillingane i heradet, også rektorstillingane bør vera åremålsstillingar.

Barnehagane må eventuelt utvidast slik at alle får plass nærast der dei bur.



Veisane barnehage er eit godt døme på korleis barnehagane må vera.

Miljø

Venstre vil arbeida for meir midlar til rydding langs vegane og stell av kulturlandskapet. Heradet må få råderett over meir SMIL-midlar.

Utne må få opparbeidd ein tenleg leikeplass og samlingsplass.

Venstre vil få utarbeidd ein plan over strekningar som skal få gateljos. Gamlevegen over Sekse skal ha gateljos no! Planen må kontinuerleg fylgjast opp.

Kommunale vegar må utbetrast og asfalterast. På austsida må vegen til Øvre Bøvre prioriterast. På vestsida treng bleievegen opprustning.


Det må verta enklare å skilja frå strøtomter.

Ferjetilbodet Kvandal – Utne må utvidast på kvelds- og nattestid.

Venstre vil arbeida for at vegane gjennom heradet vert rassikra i eit raskare tempo.

Midlane heradet har sett av til bygging av garderobe-anlegg på Hordatun, bør heller brukast til å få realisert idrettshallen på same stad.

Venstre vil arbeida for radio- mobildekning i alle tunellar i Ullensvang.



Gateljos over Sekse skal på plass no.

Sosialt ansvar

Venstre vil realisera bygging av helsesenter i Kinsarvik i valperioden.

Bråvolltunet bør utvidast med rehabiliteringsplassar og personell.

Venstre ynskjer å oppretta helsestasjon og møteplass for eldre.

Venstre vil gjeninnføra husmorvikarordning for unge og eldre.

Venstre vil stimulera til ei frivillig besøksteneste på sjukeheimane og aldersboligane.

Ullensvang treng eit aktivt rekruteringsprogram med tanke på stillingar i pleie- og omsorgstenesta.

Venstre vil gå inn for å oppretta ei desentralisert utdanningstilbod som er slik organisert at ein slepp reisa bort i lange periodar.

Venstre skal syta for at tannhelsetenesta skal verta offentleg.



Bråvolltunet treng utvidast med rehabiliteringsplassar og personell.



Små og mellomstore verksemder

Venstre vil gå inn for å oppretta ein stilling som næringskonsulent i heradet.

Næringsfondet må styrkjast og stimulera til gründerverksemd.

Reiselivet vil verta næringa for framtida i Ullensvang. Venstre vil stø aktivt opp om denne næringa.

Heradet skal stø opp om aktiv næringsutvikling i landbruket. Venstre vil stimulera initiativ når det gjeld alle former for foredling av lokalprodusert mat.

IT løysingar i heradet bør basera seg på fri programvare og opne standarder.

Det skal verta betre vilkår for lokalproduksjon av øl og cider.



Lutro Gard er eit godt døme på nyetablerte små verksemder som driv med foredling av lokalprodusert mat.

VALLISTE FOR ULLENSVANG VENSTRE TIL KOMMUNEVALET 2007

1. Sverre Kleivkås	1972
2. Elfrid Bay	1946
3. Petter Sexe Ulriksen	1976
4. Amund Måge	1960
5. Kari Herstad	1954
6. Endre Bjotveit	1977
7. Jan Inge Næss	1945
8. Marie Synnøve Hus Børve	1974
9. Ivar Tveito Eidnes	1978
10. Arild Ringøy	1976
11. Knut Raunsgard	1964
12. Aslaug Elisabeth Reiscæter	1953
13. Eli Furunes Raunsgard	1947
14. Kjell Ove Aanensen	1967
15. Kari Rutle	1963
16. Ingrid Svoldal	1951
17. Reidar Kleivkås	1945
18. Gro Helen Taule Børve	1971
19. Harald Gjernes	1942
20. Kjellaug Kvandal Ystanes	1952
21. Johnny Bratland	1948
22. Britt Rustad Thorsen	1953
23. Trond Steinsland	1947
24. Mary Gjernes	1945
25. Stein Eirik S. Karlsen	1977
26. Gunnbjørg Kvåle	1931



VENSTRE I ULLENSVANG



2007 - 2011



Skule



Miljø



Sosialt ansvar



Små og mellomstore verksemder